

HYRDINGEN

NR. I

FEBRUAR 2011

ÅRGANG 53

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



*Orgelet i Skjold
kjem på plass*

Side 8



*Øvre Vats
bedehus 50 år*

Side 6

*Omfattande vedlikehald av
Vikebygd kyrkje må til før
jubileet i 2012*



Giro for bladpengar ligg inne i bladet.



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3243 05 05202
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22
Epost: johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89
Kontortid: Tys 9-15
Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534
sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen

Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571
Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97
Kontortid: Tor 9-15
Vikar: Bjarne M. Hjelvik

Forværelse:

Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Prostiprest/fengelsesprest:

Arild Markussen tlf. 53 65 56 16

Mandag er prestane sin fridag.

Kyrkjeverja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vikedal: Anne Marie Reimers
Sandeid: Kari Vik Stuhaug
Vats: Arild Urdal
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug
Bjoa: Trond Ove Alvseike
Vikebygd: Brit Nelly Tveit
Skjold: Elin Frøyland

Kateketen har ordet

ved kateket Britt Karstensen



Heilt gresk, eller...?

Har du vært i kyrkja og stundom følt at noko er "heilt gresk"? I så fall kan du ha ganske rett i det, noko er rett og slett gresk!

I ei gudsteneste er det mange ledd med faste formuleringar som kanskje kan virke litt framande. Kvar søndag sit for eksempel kyrkjelydar rundt om i verda og syng "Kyrie eleison". Dette er gresk og tyder: "Herre, miskunna deg over oss". Uttrykket er eit rop om at Herren skal sjå oss, møte oss med godleik, syne oss nåde og hjelpe oss med det som er vanskeleg nett no.

I Bibelen kan vi lese om Bartimeus som ropte "Kyrie eleison". Og han **ROPTE**. Her var ikkje snakk om litt halvtrøytt nynning ein søndags morgen, nei!

Bartimeus var blind. Diverre hadde han ikkje noko Blindeforbund i ryggen, ikkje noko hjelpesentral og ikkje hører vi om noko førarhund heller. Han var blind i ei tid der mange meinte at slike lidingar var straff for gale handlingar.

Bartimeus sat og tigga utanfor porten i Jeriko. Heldigvis var det ikkje noko i vegen med øyrene eller stemmen hans. Då han hørde at Jesus var i nærleiken sette han i å ropa: "Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!"

Mange kjefta på han for dette. Tenk å oppföra seg slik når Jesus kom til deira by! Eg er viss på at folk var både flau og irriterte.

irriterte og helst ville ha gøymt vekk heile Bartimeus. Om han i alle fall kunne tie stilt slik at ikkje det blei noko oppstyr!

Men Bartimeus ropte berre endå høgare...

Jesus hørde Bartimeus rope. Jesus oversåg han ikkje som eit ubehageleg uromoment. Han blei heller ikkje sint på Bartimeus, eller ba han kome igjen neste dag eller noko sånt.

Jesus snakka med Bartimeus der og då, og det Jesus sa kan vi godt bruke litt tid på å tenkje over, både no og neste gong vi er i kyrkja og syng "Kyrie eleison". Jesus sa nemleg. "Kva vil du eg skal gjera for deg?"

Bartimeus ville ha synet sitt att, og det fekk han. Viss ikkje dette er "Gudssteneste" så veit ikkje eg!

No treng vi ikkje være til gudsteneste for å rope "Kyrie eleison". Vi treng ikkje snakka gresk ein gong, Jesus forstår godt norsk. Vi kan kviskre også dersom det passar oss betre, Jesus hører uansett. Vi kan kome til han med det vi slit med, anten det er stort eller lite, om vi helst har lyst til å gøyme det vekk eller er flau og irriterte.

Og Jesus vil svare oss: "**Kva vil du eg skal gjera for deg?**"

Berre prøv, du også – men vær førebudd på at store ting kan skje!

Bladpengar

Takk vera at mange valde å betala kontingent for bladet i 2010, har vi kunna gje ut 6 nummer til alle husstandar i kommunen. I tillegg er bladet sendt til over hundre utflytta Vindafjordingar som har tinga bladet. Nå oppfordra vi alle å stø kyrkjebladet Hyrdingen ved å nytta vedlagde giro og betala inn kr 250,-. Ynskjer nokon å betala eit anna beløp så kan ein retta beløpet. Kontonr.: 3243.05.05202. Tusen takk.

Vikebygd kyrkje

Kyrkja, som er avbilda på framsida, er 75 år i 2012, og har stor trøng for eit ekstra løft med vedlikehald. Kommunen har gjeve fellesrådet høve til å omdisponera midlar i 2011 slik at arbeidet kan ta til. Soknerådet vil i tillegg samla inn penger og invitera til dugnad under kyndig leiing. Dei som ynskjer å gi ei gåve til ekstra opprustings tiltak ved kyrkja, kan nytta konto 3240.18.22746, merka prosjekt 181.



Av Steinar Skartland

Nyåret er ei tid for årsmøte og årsmeldingar. Det ein har gjort og fått til i fjor skal ned på papiret. I 2010 runda folketaket i Noreg 4,9 millionar menneske, men statistikkane syner at det er 11 millionar medlemer av organisasjonar i Noreg. Det skal visstnok vera om lag 200.000 lokallag i aktivitet. Det å delta kjenneteiknar oss nordmenn. Dei ni bygdene i Vindafjord er ikkje unntak. Her er levande bygder der folket står saman. Det er naturleg å ta eit tak i lag i musikkorps, idrettslag, søndagsskullearbeid, speidar eller sokneråd. Bygder der folk får lyst til å setja bu og la borna veksa opp. La meg få retta ein stor takk til nettopp deg som engasjerer deg for lokalsamfunnet, for borna og for dei som treng omsorg. Du er verdifull og det arbeidet du gjer er viktig og flott. Tusen takk.

I kyrkjeleg samanheng så er tida komen for eit skifte. Åtte nye sokneråd skal veljast til hausten, og nå går spørsmålet ut: Vil du stilla deg til disposisjon for val til soknerådet? Vera med i leiinga av arbeidet som har sitt utspring i kyrkja? Mange har fått seg ei overrassing når dei vart valde inn. Kanskje trudde dei at soknerådet si oppgåve var å koka kaffi til kyrkje-kaffien? Så oppdagar dei at soknerådet er kyrkja sitt 'kommunestyre', med omsut for livet i kyrkjelyden. Her får dei vera med å bestemma korleis gudstenesta skal vera, vera med å laga planar for trusopplæringa, ta ansvar for kyrkjelege eigedomar, tilsette, misjon, diakoni og meir til. Dei skal ikkje gjera alt dette sjølv, men handsama saker knytt til desse spørsmåla. Ikkje alle kan alt, men sokneråda treng eit breitt spekter av kompetanse. Kyrkja treng nettopp deg.

Det er alltid nokon som går i bresjen i det friviljuge arbeidet. Utan eldsjeler ville arbeidet stoppa opp. Men desse eldsjelene må ha folk rundt seg. Medhjelparar som kan vera med på å dra lasset. Når så dei som står fremst trøytnar så må andre tre inn. Dermed må også nye koma med litt lengre bak. Høyrer du kallet? Det er din tur nå til å finna din plass i arbeidet nå.

Kyrkjelege val til sokneråd og bispedømmeråd 2011

Av Steinar Skartland

I tilknyting til kvar av dei åtte kyrkjene våre er det eit sokneråd, valde mellom medlemmar av den norske kyrkja i kvar bygd. I september skal det vera nyval på alle sokneråda og samstundes val av nytt Bispedømmeråd. Sokneråda er alt i gong med å finna og føreslå 4 kandidatar kvar til val av Bispedømmeråd i Stavanger Bispedøme. Fristen er 15. mars. Ein nominasjonskomité skal så velja ut dei som skal stå på endeleg liste.

Soknerådet – lokaldemokratiet i kyrkja.

Å finna kandidatar til val på sokneråd i kvart sokn er ofte ei utfordring. I Vindafjord er det 6 eller 8 valde medlemer og 5 varamedlemer i kvart råd. Sokneprest kjem i tillegg. Det er viktig at medlemane har ulik kompetanse og fagleg bakgrunn. T.d. frå: økonomi, lærar, bygningskunlig, omsorgsarbeid, barne- og ungdomsarbeid, musikk, logistikk, idrett, organisasjonsarbeid, styreerfaring, forretningsdrift, misjonsforeining osb. Alle skal ikkje kunna alt, men å få eit sokneråd med stor breidd i erfaring er ein styrke. Det kan vera freistande å berre setja opp ei liste med mange gode namn mellom alle

dei som kan veljast. Men eit sokneråd der dei innvalde har sagt: -Ja!, vil vera eit sokneråd som arbeider lett og får ting gjort. Difor vil eg oppmoda alle til å gå den vanskelege vegen med å informera, motivera og å spørja. Og eg ber deg som les dette: Vær så snill – ta sjangsen og svar ja. Bygda og soknet treng deg. Ei liste med mange namn der veljarane kan avgjera kven dei vil ha inn, er viktig. Det er ikkje eit nederlag om ein ikkje vert vald inn, men ei erkjenning av at det var fleire villige enn plassar.

Eg har sjølv fleire gonger vore i nominasjonsnemnd og spurt den eine etter den andre. Og motteke mange grunngjevingar for å ikkje stilla opp. Men eg har og hatt glede av å høyra folk svara: - Ja, kan veta det. Me må nå ta kvar vår tørn, så det er vel kanskje min tur nå?

Slike svar gleder. Eg vonar og oppfordra så mange som mogeleg. Får du spørsmålet om å stilla deg til disposisjon for val til soknerådet, så tenk slik: -Nå er det visst min tur. Eg kan sikkert ikkje stilla opp kvar gong det er møte, men der er vel derfor dei har heile fem varamenn?

Også andre enn soknerådet kan laga liste og levera inn. Fristen er 1. mai.

Prestetenesta i Vindafjord våren 2011

Arne O. Øystese.

Sokneprest Sigrunn Hagen Arnesen er fra 01 januar til 01 august dette året engasjert som 80% prestevikar i Førresfjorden sokn i Tysvær, og tilsvarende 20% teneste i Skjold og Vats. Talet på bl.a. gudstenester i Skjold og Vats blir dermed redusert for sokneprest Sigrunn sin del; sokneprest Martin Ivar Arnesen tek ansvar for desse gudstenester. Han vil også vera med i både Skjold og Vats sokneråd i denne tida. – Vi ønskjer Sigrunn lukke og Guds velsigning i vikariatet i Tysvær!

Sokneprest Harald Eintveit er for tida inne i ein sjukepermisjon. Vi reknar med at den vil vara om lag 2 månader. I denne tida er vi så heldige å ha tidlegare sokneprest i Vikedal; Bjarne Malvin Hjelvik, buande midt i blant oss. Han har raust lova vera vikar i denne tida, som strekkjer seg frå 18 januar til om lag midten av mars, d.å. Det inneber at han tek alt ansvar som soknepreststillinga ber med seg .

Vi tek sokneprest Harald med i våre bønner i den tida han er sjukmeld! Likeins ønskjer vi sokneprest Bjarne Malvin velkommen som vikarprest! Guds signing over tenesta!

Engasjerte unge vaksne er opptekne av framtidens retta gudsteneste

Av: Jens Tveit

3 – 4 gonger i halvåret er det gudstener med eit spesielt opplegg i Skjold kl. 1700 - Det har gitt namnet G-17.

Alt i 2003 drøfta soknerådet i Skjold framtids-tankar , og det kom fram draumar om ei fornying av gudstenestene i kyrkjelyden. Visjonane gjekk på : - Betre frammøte på gudstenestene. – Få med unge familiar / born. – Litt annleis song og musikk m.m.

Bønnesvar

Utan kjennskap til det soknerådet hadde hatt som ”draum”, var det ei bibelgruppe i Skjold som hadde hatt fornying av gudstenestene som forbønsemme i eit heilt år. Og det store skjedde. På ein forunderleg måte la det seg til rette for desse nye gudstenestene, - eit klårt bønnesvar, seier medlemene i G-17 utvalet.

G-17 utvalet er eit eige utval under soknerådet, og det vert skifta på kven som er med. To er òg medlemer i soknerådet. Saman med prestane har utvalet arbeidd fram eit konsept som verkar godt. Likevel er opplegget stadig under drøfting og vidare vurdering. Alle i utvalet har roller i G-17 arbeidet, enten i barnearbeidet, lyd , musikk, song m.m.

Skjold og Vats har felles truesopplæringsnemnd, og difor er det naturleg med samarbeid om desse gudstenestene. – Nemnda har lufta tankar om det kunne vera på sin plass å få Vikebygd og med i samarbeidet. Både ungdomsskulen, konfirmantundervisninga, leir for 11-åringar og andre ting knyter alt nå desse bygdeane saman.

Tema for gudstenestene. Desse gudstenestene fylgjer ikkje tekstane for kyrkeåret, men tema som har vore nytta er: Fadervår, Dei tri trusartiklane, Dåp og nattverd, og til sist ”Kristus-kransen”. Song og musikk blir så plukka fram slik det passar i opplegge og dels etter ynskje frå prestane.

- Det vert nytta såkalla alternativ liturgi som er under utprøving, og opplegget er godkjent av prost / biskop.

Det vert stilt spesielle krav til slike gudstenesteopplegg, og det er: 1 At det har utspring frå den lokale staden. 2. At det



Bak frå venstre: Prestane Sigrunn og Martin Ivar Arnesen, Ingfrid Byrkja Hystad, Martha Stople. Sitjande: Jens Magnar og Ingrid Tveit. (Repr. frå Vats mangla)

er teke omsyn til involvering , - lokale krefter er aktivt med. 3 At opplegget er fleksibelt.

Borna har stor plass. Dei stiller gjerne opp og syng, eller med på andre måtar som lysttenning m.m. Nattverden kjem først i desse gudstenestene for at borna skal få vera med. Og før presten undrives/talar ut frå oppsett tema, togar ungane ned i kjellarstova. Opp til 50 born samlast der til søndagsskule

Bandet eller orkesteret med forsongrar, til saman 8 - 9 personar, tek seg av all musikken på gudstenesta. Det er elektronisk piano, slagverk, gitar og bass. (Det er ikkje organist med på gudstenesta). Instrumenta og alt teknisk utstyr som vert nytta, er gitt av private, og alle som er med gjer arbeidet gratis -Utstyret blir også brukt i barne- og ungdomsarbeid elles i kyrkja, og ein arbeider med ei løysing for å få fast plass til instrumenta.

Fleire medarbeidarar er eit ynskje frå heile arbeidsutvalet. Kvar G-17 gudstene er det ca. 25 medarbeidarar som stiller opp. Då er det òg teke med dei som ordnar med mat til felles kveldsmåltid før dei går heim. Det betyr at vel heime, kan dei minste kan gå rett til sengs

Nytt og uvant- Det er ofte slik at når ein vil prøva ut nye idear, så dukkar spørsmåla opp, er det nødvendig? Det me er vane med, er me trygge på. Somme tider kan ein og oppleva motstand . Desse alternative gudstenestene har nå vore prøvd i 4 år, og det har jenka seg til etter kvart som ein har sett og opplevt det nye. Samanlikna med vanlege gudstenester er det høgare frammøte på G-17 gudstenestene. Både unge og eldre stiller opp.

Visjonen – Målet er å nå ut til stadig fleire, og få ein levande kyrkjelyd der alle aldersgrupper er med.



Ver ikkje redde! Sa engelen. Eg kjem med bod til dykk om ei stor Glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by, Han er Kristus Herren. Til avslutning song Barnehagen så fint : "Eit barn er født i Betlehem". Det var Jul i Vikedal kyrkje.

Barnehagen dramatiserte jula

Av: Anne Marie Reimers

Barnehage-borna i Vikedal har tidlegare dramatisert juleevangeliet i Kyrkja. Ikkje under ei Gudsteneste, men ein foremiddag for jul. Dette opplevde, både borna og dei tilsette som ei god førebuing til julehøgtida. Difor fekk Soknerådet spørsmål om me kunne hjelpe til med dette i år også. Det vart mykje nisseprat i barnehagen, så leiaren ville gjerne at borna skulle få med seg grunnen til at me feirar jul. Det ynskte me å hjelpe til med, men sidan me ikkje har så mange hjelparar ein vanleg foremiddag, så måtte det gjerast enkelt. Mette Holte var forteljaren som band det heile i saman. Herdis Pedersen var engelen Gabriel og Anne Marie Reimers var mannen som ikkje hadde plass for Josef og Marie i herberget, men som tilbaud dei plass i stallen. Barnehage-borna var dei andre deltakarane i dette juledramaet.



Margit Meling Nesbu song solo.

Rumenarane som bur i Vats song sine kjære julesongar på sitt eige språk. Steningsfullt og vakkert. Sjølv om me ikkje forstod orda var det eit flott vitnemål om at julebodskapen gjeld alle, på tvers av landegrenser og tungemål.

Som avslutning på gudstenesta reiste me oss og song Å kom nå med lovsang, jordens kristenskare!

Rumenarane kjende songen og stemde i på sitt språk, medan me andre song på vårt språk. Det klang flott i hop, fleirstemt og kraftfullt. Orda og tonane fylte oss. Det var ei sjeldan og sterk oppleveling.

Juledag i Vats kyrkje





Jubileum - Øvre Vats bedehus 50 år

Av: Olav Velde

Øvre Vats bedehus feira 50-årsjubileum laurdag 4. desember 2010. Då var det på dagen 50 år sidan sokneprest Kaare Time innvia huset.

Jubileumsfeiringa var todelt

Frå kl 12 – 15 var det juleverkstad for store og små. Borna fekk laga julepynt. Det meste fekk dei med seg heim, men noko vart att som pynt på bedehuset. Det vart servert graut, saft, pepparkaker, mandariner, og kaffi til dei vaksne.

Det møtte femti born og tretti vaksne,

så heile huset måtte takast i bruk. Dei største heldt til i speidarrommet i kjelaren, medan dei andre fordele seg i storsalen, litlealen og gangen.

Det var samlingsstund der ein vart minna om å ikkje gjøyma kvifor me feirar jul. Vats Miniklang var med. Dei framførte fleire julesongar, og dei hadde flinke solistar. Det vart ei kosestund for alle som var det.

Om kvelden var det fest for dei vaksne. Prost Arne Øystese heldt ein flott tale der han trekte fram kor viktige bedehusa har vore som kulturbærar i byg-

dene våre. Det var både alvor og skjemt i talen hans.

KM-karane frå Etne var med og song. Dei sette farge på festen. Det gjorde også Peder Lundegård som hadde eit interessant kåseri med utgangepunkt i biletet frå Vats. Det var god mat, kaffi og kaker, og litt historisk mimring som det høver seg ved eit jubiléum. Fleire hadde ordet og fortalte ting dei hugsa frå ei tid då bedehusa var svært sentrale i bygdesamfunnet. Bedehuset fekk ein flott krystallvase i gáve frå Kårhus bedehuskirks

Ei vellukka feiring på alle måtar.





Det handlar om rettferd!

12. april går konfirmantar i heile Noreg rundt på dørene for å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Ei framtid utan fattigdom er mogleg. Men da må ressursane i verda fordelast på ein annan og meir rettferdig måte. Vår rikdom forpliktar oss til å støtta og hjelpe dei som lever under uverdige og fattige forhold. Over ein milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferd tek menneskeliv kvar dag!

Det er ikkje nok at menneske så vidt har nok til å eksistera. Alle menneske har rett på eit levebrød, slik at dei kan klara seg på eigen arbeidsinnsats. Vi må kjempe mot at ressursane i verda går frå sør til nord og for at ressursane i verda

blir fordelt slik at fattigdom i verda kan bli avskaffa.

Det er ikkje rettferdig at tilfeldige og historiske hendingar har gjeve ein liten del av folka i verda kontroll over det meste av ressursane, medan ein av fem milliarder menneske lever i så djup fattigdom at dei ikkje kan eta seg mette.

Kampen mot fattigdom og for rettferd blir kjempa i enkelt menneske sine liv, i politiske systemer og strukturar slik at all rikdom på jorda kjem alle til del.

Årets aksjon går mellom anna til Tanzania. Med små lån kan innbyggjarane i landsbyen Chunya gjera små investeringar for å finna ein veg ut av fattigdomen.

Saman skapar dei verdiar i landsbyen dei bur i, og saman bygger dei kunnskap og tru på at ei framtid utan fattigdom er mogleg.

I 2010 samla konfirmantane i Vindafjord til saman inn nær 138.000 kroner. I år kan vi slå dette beløpet. Det er mogleg med di hjelp!

**Ta imot konfirmantane når dei kjem
12. april!**

"Overcoming poverty is not a gesture of charity. It is an act of justice" (Nelson Mandela)

Martin Ivar Arnesen,
Sokneprest Skjold/Vats

Samlivskurs i Ølen

Det er nokre år sidan samlivskurset PREP har blitt arrangert i vårt distriktet. For nokre år sidan vart det halde fleire kurs i Vindafjord og Etne. Men laurdag 19. februar held familieterapeut Kari Vik Stuhaug nytt kurs på Kyrkjetunet i Ølen. Ho får hjelpe av Ølen sokneråd til den praktiske tilrettelegginga. I kurset heiter det at det finst tusen måtar å få eit lukkeleg samliv på, men berre nokre få

måtar å få eit ulukkeleg. Det er sjølv sagt ei karikering, men forsking viser at hjå par som klarer seg därleg er det nokre få negative kommunikasjonsmønster som går att. Ein viktig del av kurset er difor å hjelpe par til å gjenkjenne slike faresignal i kommunikasjonen og gi dei verktøy til å snakke saman på ein god og byggjande måte. Denne kommunikasjonsdelen kan sjølv sagt brukast også i andre

relasjonar. Kurset fokuserer også på andre byggjande faktorar for forholdet. Det er basert på forsking og dokumentert at kurset skaper meir stabile forhold. Kurset finst som helgekurs og dagskurs. Denne gongen er det eit dagskurs på 6 timer.

For evt. informasjon:
Kari Vik Stuhaug tlf. 47 25 35 29

Tusen takk for gåver til orgel i Skjold Kyrkje!

Året 2010 har vore eit positivt år. Stor gjevarglede både frå privatpersoner, bedrifter, lag og foreiningar. Det er ikkje til å tru at me snart er komt i mål med nytt orgel. Innsamla midler i fjor + jan. i år er på over kr.456.000. "Kjempeflott" Totalt innsamla er kr.1.892.917.- Tusen takk til alle !

For orgelnemnda, Liv Svendsen

Orgelet i Skjold kjem på plass

26. mai 2000, eitt år etter vigslinga av den nye kyrkja i Skjold, sette soknerådet ned ei orgelnemnd med føremål å arbeida for å skaffa kyrkja nytt orgel. Av dei som var med då, er det kun tre medlemmer som framleis er med. Det er Liv Svendsen, Øyvind Haraldseid, som har vore kommunen sin representant og Steinar Sørhus. Liv har vore leiar gjennom alle desse 11 åra. 27. mars vert det gudsteneste med innviing av orgelet. Ein milepel for kyrkja og for folket i Skjold og bygdene ikring er nådd. Folkekirkja og kulturkyrkja i Skjold har fått sin musikalske identitet.

Orgel i særklasse

Den som ventar på noko godt, ventar ikkje forgjeves, heitest det. For det nye kyrkjeorgelet er eit orgel av høg kvalitet, laga av oregon pine, 5,50 m høgt, med 21 stemmer, med system som gjer det lett å utvide med endå fleire stemmer. Orgelet vil utan tvil heva den musikalske kvaliteten i all aktivitet i kyrkja, frå den vanlege gudsstenesta, bryllaup, gravferder til storslätte orgelkonsertar. Det er mykje å gle seg til.

Stor gjevarglede

Leiar av nemnda gjennom desse 11 åra, Liv Svendsen, uttrykkjer på ny og på ny den store gleda det har vore å oppleva



entusiasmen og rausheten blant folket i Skjold. Gåver, store og små, har ikkje berre kome frå einskildpersonar, men og frå lag, foreiningar og bedrifter. Den sistte kontoutskrifta viser at me har passert 2 mill. kr. Resultatet seier sitt: Folket i Skjold ville ha orgel i den staselege kyrkja si. No har dei greidd det!!

Orgelet kostar til saman 3,5 mill. Kommunen har ytt 1,5 mill.

Eldsjel

Ein solid dugnad er ikkje utan eldsjeler:

menneske som står på, tenner håp og entusiasme når motløysa sig på, tek rette telefonar, sender søknader og mailar, gjev ikkje opp håpet om målet tykkjест vera langt fram i tid.

Eit slikt menneska er Liv Svendsen. Og utan forkleining for nokon: Utan Liv sin formidable innsats som leiar i orgelnemnda gjennom 11 år, er det kanskje ikkje sikkert at nytt orgel ville vore på plass enno. Takk Liv!

Gunnar Listog

Montering av orgelet, eit nøyaktig puslespel

I midten av januar er så mykje av treverket til orgelet på plass, at ein kan få eit inntrykk av korleis det vil ta seg ut. Det er som om kyrkja får ein ny dimensjon, og ein heilskap som har mangla kjem på plass.

I ein diger konteinrar kom alle komponentane, og 4 personar frå den danske orgelfabrikken puslar alle dei forskjellige bitane på plass. Kasper Ketils er verkstadleiar, og styrer prosessen. Han fortel at heile orgelet har vore oppbygt og prøvd ved fabrikken før det vart plukka ned og sendt hit.

Verkstadleiaaren fortel om arbeidet.

- *Det er et vidunderlig instrument, passegig stort for kirken. Orgelet har 21 stemmer med til sammen 1214 piper, og det er beregnet 6800 arbeidstimer fra start til ferdig leverert. Fabrikken lager alt selv,*

unntatt metallpipene, seier Kasper Ketils. – Det er et utfordrende og spennende arbeid med høy håndverksmessig kvalitet. Knapt noe annet blir produsert på en slik måte i dag, der alt er håndverk og ikke masseproduksjon. Han legg vidare til: - Dette orgelet er 100% mekanisk. Unntaket er "blæseren" (belgen) som går på strøm. Orgelet er nærmest usliteleg. Det eneste som eventuelt kan trenge utskifting, er filtpakninger; men det er en enkel sak å utføre.

Kasper Ketils fortel at det er rekna med 3 veker arbeid for å få orgelet på plass, og legg til: *Da kommer en spesialist og intonerer orgelet. Intonøren skal gi instrumentet en klang som er spesielt tilpasset kirkjerommet.*

Jens Tveit



Verkstadleiar Kasper Ketils

Noko å gle seg til!

Og no er det berre å gle seg, for det er mange musikalske godbitar å sjå fram til alt denne våren:

27. mars: Innviingsgudsteneste, kyrkjemiddag og konsert med orgelkonsulent Bjørn Boysen.

30. mars: "Orgelbrus". Kjende og kjære organistar held konsert om kvelden.

3. april: Konsert i Skjold kyrkje

29. mai: Konsert med Iver Kleive og Knut Reiersrud.

Samtale med Martin Ivar Arnesen

Me stikk innom prestekontoret i Skjold og møter soknepresten Martin Ivar før han skal hasta ut på nye oppdrag. Det er G – 17 gudstenestene me vil ha ein prat om.

- Kva var dei første reaksjonane dine då tankane om G-17 gudsteneste kom på banen?

Svaret er kort: - *Bønnesvar! Draumen gjekk i oppfylling!*

Martin Ivar fortel så at kort tid etter at dei kom til Skjold, vart det samtala i soknerådet om at det hadde vore kjekt å prøvt litt nye ting i arbeidet. Men dei kjende på at det mangla menneskelege ressursar å samarbeida med, og me sjølve var lite kjende her.

No er det ca 4 år sidan arbeidet kom i gong, og me spør om det har vore mykje ekstra arbeid.

- Ekstra arbeid, ja noko, men velsigning og glede i mengder. Etter kvart går arbeidet mest av seg sjølv p.g.a. dei mange frivillige som er med og drar lasset. Me på kontoret syter for plassering på gudstenesteplanen og ordnar undervisningsdelen.

- Har kyrkjesøknaden auka?

- *Talet har gått noko opp, men viktigast er at me har fått nye aldersgrupper med, og det mest gledelege er at talet på nattverdsgjester har gått tydeleg opp.*

Begge prestane har vore med på desse gudstenestene. Sigrunn har hatt altarstesta, og Martin Ivar har stått for undervisningsdelen (preika). Begge synest at det er svært kjekt å få vera med på G-17.

- *Desse gudstenestene har fått positiv omtale fleire stader, og både i vårt bispedøme og vidare er det mange prestekollegaer som spør og gjerne vil vita meir om det som skjer i kyrkjelyden vår, seier Martin Ivar. Og så har han eit stort ynskje om at folk frå både Vats, Vikebygd og Skjold sluttar opp om gudstenestene. Me har eit greitt kyrkjebygg som bør utnyttast til felles beste for alle bygdene.*

Med eit smil om munnen seier Martin Ivar til slutt: - *Det skjer mykje flott i kyrkjelydane her, men G-17 er noko av det flottaste å få vera med på. Det gir inspirasjon!*

Jens Tveit



Min song

Av Arne Borgemyr

Songen eg no skriv om er knytt til eit minne frå mange år tilbake. Eg låg på Haugesund sjukehus og var lam av ein sjeldan sjukdom. Der eg låg hadde eg ei radiopute under øyre mitt så eg kunne lytte til NRK.



I eit program vart den då nytilsette generalsekretären for Misjonssambandet, Egil Grandhagen, intervjuva saman med ein ny leiar i ein annan organisasjon. Begge fekk ønskje seg ein song dei var glad i. Grandhagen ønskte seg "min" song. Det gjorde sterkt inntrykk på meg. Songen heiter *Tett ved sida mi går Jesus*, skrive av Haldis Reigstad i 1977. For det første kunne eg ta til meg innhaldet i songen der eg låg med ein alvorleg diagnose. Jesus ved mi side no – og alltid elles. For det andre vart det stort at den nye leiaren i den organisasjonen eg var tenar i, sjølv valde denne songen! Han trong Jesus ved si side i ei krevjande stilling. Det vart trygt og godt og inspirerte til vidare innsats for denne organisasjonen. Dette er *Min song*:

*Tett ved sida mi går Jesus, alltid vil han være der.
Eg treng ikkje gå og ottast når eg fylgjer Jesus her.
Han på vegen vil meg vakta så eg ikkje går meg vill.
Å, kor godt det er for barnet å få høyra Jesus til.*

*Tett ved sida mi går Jesus, å kor eg er sael og fri
som kan jubla ut i lovesong: Eg er hans til evig tid!
Han er den gode hyrding, tek mi vesle, veike hand.
Dag for dag han trufast leider meg til himlens lyse land.*

Haldis Reigstad

ANNONSER OG KUNNGJERINGER

*Velkommen til
Lundeneset*

Hjemmefra, men ikke alene
Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.
HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMygs LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMygs LUNDENESET VGS




5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

Se også vår hjemmeside:

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

**Ørpelveitsvn. 59
tlf. 52 70 42 90**

Åpningstider:

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



KYRKJETUNET
ØLEN BEDEHUS OG KYRKJELYDSSENTER

www.kyrkjetunet.no

Torsdag 10.2	kl.19.30	Kvinneforum
Tysdag 15.2	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 15.2	kl.18.30	Klubb
Torsdag 17.2	kl.10.30	Tripp Trapp
Søndag 20.2	kl.19.00	Årsmøte
Tysdag 1.3	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 1.3	kl.18.30	Klubb
Torsdag 3.3	kl.11.00	Torsdagstreff
Torsdag 3.3	kl.19.30	Bibeltyme
Søndag 6. 3	kl.16.00	F-16
Tysdag 15.3	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 15.3	kl.18.30	Klubb
Torsdag 17.3	kl.10.30	Tripp Trapp
Søndag 20.3	kl.19.30	Søndagsmøte, NLM
Torsdag 24.3	kl.19.30	Bibelti. v/R.Vik, NMS
Tysdag 29.3	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 29.3	kl.18.30	Klubb
Søndag 3.4	kl.16.00	F-16
Torsdag 7.4	kl.11.00	Torsdagstreff
Fredag 8.4	kl.19.30	Vårbasar
Tysdag 12.4	kl.17.30	Barnekor
Tysdag 12.4	kl.18.30	Klubb
Torsdag 14.4	kl.10.30	Tripp Trapp
Torsdag 14.4	kl.19.30	Bibeltyme



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

**Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted**

TLF. 53 76 97 61
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Dåp: 12.12. Emelinn Hundseid
Døde: 24.12. Solveig Staknes f.1916

IMSLAND

Dåp: 19.12. Silje Istad
 Ingen døde i Imsland denne perioden.

SANDEID

Dåp: 16.01. Even Vestbø,
 Aksel Stangeland Endresen.

Døde:
 16.11. Sigve Vestbø f.1963
 13..01. Alis Martine Skeie f.1912

SKJOLD

Døypte:

28.11. Vida Tveit,
 Arve Søvold,
 Jakob Haugen,
 Sebastian Soma,
 Daniel Holm-Krakk.
 16.01. Henrik Stople

Døde:

28.12. Bertinius Dagsland f.1914
 04.01. Nelly Bergliot Aasland f.1912

VATS

Døypte:

09.01. Solveig Skjold,
 Kasper Eidhammer,
 Sverre Bakkevold Vassnes.

Døde:

20.11. Hans Hansen f.1923
 24.11. Magnus Sørhus f.1913

ØLEN

Døde:

Oskar Magne Vågen f. 1936
 Thea Lotte Berge f. 1925
 Idunn Torhild Kaldheim f. 1949

Døypte:

Emil Haaland
 Tobias Dammen Andersen
 Thomas Anthony Nøkland Jermy
 Håkon Kvamen
 Mats Aarekol

BJOA

Døde:

Nils Johan Romsa f. 1934

Døypte: Oda Emilie Sørhus

VIKEBYGD

Døde: Olaug Folkedal Veastad f.1924

Øvre Vats bedehus	15.2. kl 19.30	Årsmøte. Andakt av Oskar Feed.
Øvre Vats bedehus	27.3. kl 19.00	Møte. Offer: Blå Kors. Loftsmusikken
Skjold kyrkjelyd	13.3. etter gudst.	Årsmøte: årsmelding og rekneskap.
Vikedal Bedehus	24.2. kl.19.00	Mamma? Verdens beste! På godt og vondt... Arild Markusen kåserer. Mat. Song av Julie og Lydia. Åresal,
Vats kyrkje	11.2. kl.19.30	Møte for Lærarakademiet. Tale v/ Terje Bjuland. Song, musikk, Kollekt
Kårhus bedehus	28.2. kl.19.30	ÅRSMØTE. Andakt v/ Reidar Olsen. Årsmøtesaker, mat og prat.
Kårhus bedehus	25.3. kl. 19.00	Bedehusbasar. Andakt, Barnekoret, loddsal, mat og prat. Støtt opp om basaren for det blir store utlegg i samband med vasslekkasjen!
Kårhus bedehus	2.3. kl. 19.30	Møte. Samemisjonen
Vikebygd bedehus	10.2. kl 19.30 15.2. kl 19.00 24.2. kl 19.30 24.3. kl 19.30 31.3. kl 19.30 05.4. kl 19.30	Møte for Gideon. Dagmar og Josef Nilsen Gladsong. Kveldsmat. Fellesmøte m/Bjoa. Gladsong. Møte med Indremisjonen Møte med D.n.Misjonsselskap Møte, felles med Bjoa Laurdagsklubben kl 15.30 den:19.2, 5.3, 19.3, 2.4 Tripp – Trapp 3.3 og 14.4 kl 11.00
Innbjoa bedehus:	Bedehusmøter onsdagar i oddetalsveker kl. 19.30 Bønn/samtale/songkveld onsdagar kl. 18.00 i partalsveker Credo for 5.-7.kl torsdagar i oddetalsveker kl. 18-20 15.3. kl 19:00 23.3 kl 19.30	Fellessamling Bjoa og Vikebygd Møte med Nils Rydland
Bjoa kyrkje	Øving for barnekoret torsdag i oddetalsveker kl. 18-19	
Vågen bedehus		
Februar		
søndag	6. Søndagsmøte kl 19.30 Tor Magnar Sjo, Åpne dører	
onsdag	9. Basar.Sjømannsmisjonen	
søndag	13. (Kveldsgudsteneste Ølen kyrkje)	
onsdag	16. bønnemøte kl. 19.30	
søndag	20. Søndagsmøte m/dåp kl. 19.30 NLM Håvard Brekkå talar.	
onsdag	23. -sønd 27. Møteveke NLM.Inge Sirevåg talar. Møta tek til kl 19.00.	
Laurdag	26. Generasjonsamling kl 18.00.	
Mars		
onsdag	2. Bønnemøte kl.19.30.	
søndag	6. Søndagsmøte kl 19.30.Tale og song av Astrid og Lars Reinlund.	
onsdag	9. Bønnemøte. kl 19.30.	
onsdag	16. Basar Indremisjonssamskipnaden.	
søndag	20. Filmkveld. Matteusevangeliet.kl.19.30. Normisjon.	
tysdag	22. Basar. Gutelaget Daniel.	
onsdag	23. Bønnemøte kl. 19.30.	
fredag	25. -sønd 27. Misjonshelg på Kyrkjetunet Misjonsselskapet.	
onsdag	30. Bønnemøte kl.19.30	
torsdag	31. Israelskveld .Per Larsen. sekr. i Israelmisjonen	
April		
fredag	1. -sønd 3. Møtehelg Indremisjonen. Kåre Johan Hamre talar.	
onsdag	6. Bønnemøte kl.19.30.	
søndag	10. Søndagskafe kl.16.00. Kveldsgudsteneste i Ølen.	
onsdag	13. Bønnemøte.	
søndag	17. Palmesøndagsmøte.	
søndag	24. 1.påskedagsmøte kl.19.30. v/ Frelsesarmeene.	
onsdag	27. Bønnemøte.	

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudsteneste	Vikedal Prestegjeld	Skjold Prestegjeld	Ølen Prestegjeld
13.februar Vingårdssøndagen Matt 20,1-16	Vikedal kl 11.00 Nattverd Offer: Kyrkjelydsarbeid	Skjold kl 11.00 Sundagsskule Offer: Normisjon	Ølen kl 19.30 Kveldsgudsteneste Nattverd. Offer.Normisjon.
20. februar Såmannssøndagen Luk 8,4-15	Imsland kl 11.00 Nattverd Offer: NMS	Vats kl 19.00 Sanggudsteneste Offer: Israelsmisjonen	Vikebygd kl 11.00 Høgmesse. Nattvert Offer:Normisjon, internasjonal arbeid
27.februar Kristi forklaringsdag Matt 17,1-9	Sandeid kl 11.00 Nattverd Offer: Kirkens SOS/Rogaland	Skjold kl 17.00 G17 gudsteneste Nattverd. Sundagsskule Offer: Kyrkjelydsarbeidet Kveldsmat	Ølen kl 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Offer: Bibelskapet. Årsmøte etter gudstensta.
06.mars Sundag før faste Luk 18,31-43	Vikedal kl 11.00 Nattverd Offer:KRIK	Vats kl 11.00 Familiegudsteneste Offer: Sundagsskulekrinsen	Bjoa kl 17.00 Høgmesse. Nattverd. Offer: Sjømannskyrkja. Årsmøte etter gudstenesta
13. mars 1. sundag i faste Matt 4, 1-11	Imsland kl 16.00 Familiegudsteneste Offer: Kyrkjelydsarbeidet	Skjold kl 11.00 Nattverd Offer: Diakoni i kyrkjelyden	Ølen kl 11.00 Høgmesse. Nattverd. Offer: Ungdom i oppdrag Lundeneset 18.03 kl 20.00 Ungdomsgudsteneste. Offer: Lundeneset
20.mars 2. sundag i faste Matt 15,21-28	Sandeid kl 16.00 Familiegudsteneste Offer:	Vats kl 11.00 Nattverd Offer: Kyrkjelydsarbeidet	Vikebygd kl 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Offer:Indremisjons- Samskipnaden. Årsmøte etter gudstenesta.
27.mars Maria bodskapsdag Luk 1,26-38	Vikedal kl 11.00 Familiegudsteneste Offer: Kyrkjelydsarbeid	Skjold kl 11.00 Orgelinngviing Nattverd. Sundagsskule Offer: Kyrkjelydsarbeidet	Ølen kl 16.00 Familiegudstenste. Sprell- levande gudstenste. Offer: søndagskulen
03.april 4. sundag i faste Joh 6,1-15	Imsland kl 10.00 Nattverd Offer: Blå Kors	Vats kl 11.00 Generasjonsgudsteneste Nattverd. Barnas kyrkjestund Offer: KN-fasteaksjonen	Vikebygd kl 18.00 Samtalegudsteneste med konfirmantar. Offer: Feedback.
10.april 5.sundag i faste Joh 11,45-53	Vikedal kl 11.00 Nattverd. Offer: NMS Områdestemne for NMS	Skjold kl 19.00 Songgudsteneste Offer: KN- fasteaksjonen	Ølen kl 18.00 "Ung Messe" v/konfirmantane. Offer:Fasteaksjon KN
17.april Palmesundag Joh 12,1-13	Sandeid kl 11.00 Nattverd Offer:	Skjold kl 11.00 Familiegudsteneste Offer: Sundagsskulekrinsen	Bjoa, Vikestølen kl 13.15 Friluftsgudseneсте. Offer: Utstein pilegrimsgard.

Prostidag og Fellesgudsteneste. Vi ber alle kyrkjelydane setja av 2. juni til ein festdag ved Imsland!



Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 14. april
Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 26. mars

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)